

ÅRSMELDING MØRE & ROMSDAL GJETARHUNDLAG - 2011

Det har vore nok eit år med god aktivitet i fylket. Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 4 lokale gjetarhundlaga, og samansetninga har vore:

Odd Bjarne Bjørdal, leiar og utsending til MRSG / Sunniva Nupen – VSG

Kristine Punde Naastad / Tor Garshol – NRG

Nils Edmund Stråmyr / Andor Bjørke – ISG

Vidar Sunde / Asbjørn Molvær – MMG

Totalt 16 saker har vore behandla i løpet av 2011, delt over 3 styremøte.

Året sett under eitt må vi seie oss nøgde med 2011 der det har vore høg aktivitet i dei fleste delane av fylket. I NRG sitt område meldast det no om noko minkande aktivitetsnivå, og dette er noko som bør viast merksemd og oppfølging.

Frå fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal Sau og Geit fekk MRGL fekk att 7500 av dei 12000 kronene som skulle vere startkapitalen til MRGL. Tilskotet frå MRSG vart og redusert frå 10000 til 5000 for året 2011. Styret i MRGL var ikkje nøgd, men valde å legge denne saka «død» og gå vidare.

Kvart lokallag har hatt fleire kurs for både nybyrjarar og vidarekomne, totalt 5 kurs i fylket, 3 av dei i regi av MMG. Det har vore 12 prøvedagar i fylket i året som har gått, nokre med fleire prøver etter kvarandre. På prøvene har det vore totalt 213 startande med hund/førar. Dette er 30 fleire enn i fjor. Det blei og heile 17 nye godkjende hundar i fylket 2011, og dette betyr at sidan MRGL blei starta opp, har totalt 49 nye bruksprov sett dagens lys!

MMG arrangerte LP i Tresfjorden i samarbeid med MRGL den 27-28.08.2011!

Dette var ei storhending, og fylkets største arrangement for gjetarhund. Vi gratulerer MMG med eit topp landsprøvearrangement! Det var jamn sau, kjapp utsetting og alt gjekk som smurt heile helga. Resultatmessig for fylket sin del, fikk vi på laurdagen både ein 3 plass med Andor Bjørke og hunden Tweed og en 6 plass med Susann Osnes og hunden Scott, medan vi på søndag fikk ein 9 plass med Odd Bjarne Bjørdal og hunden Kompis.

I Sogndal på landsprøva der vart Atle Arnesen og hunden Pico nr 6 den eine dagen og nr 2 den andre, og var som einaste ekvipasje frå Møre og Romsdal kvalifisert til finalen i Norgesserien!

På landsprøva i Sogndal vart og Jan Myklebust og hunden Akersborg Rex nr 3 på prøva laurdagen.

Fylkesmeisterskapet var i år lagt til Bjørdalen i Ørsta. Asbjørn Molvær med hunden Scot vart Fylkesmeister i 2011. Jan Myklebust med Rex vart beste unghund.

Det var 5 hundar som deltok i NM i Klæbu i Sør-Trøndelag. Vi fekk ikkje finaleplass i år, men heller ikkje brot på nokon av ekvipasjane. Vi har 4 plassar til NM neste år, så vi er sånn middels nøgd. Beste plassering fekk Odd Bjarne Bjørdal med hunden Kompis på 23 plass.

Odd Bjarne Bjørdal, Leiar MRGL